



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
73/2024	Kommunestyret	24.10.2024

Kommunal planstrategi 2024-2028 med planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027

Vedlegg

- 1 Planstrategi 2024-2028 - høringsdokument
- 2 Folkehelseoversikt Vågå kommune 2023

Saksframlegg:

Utarbeiding av kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve som skal skje kvar valperiode. Formålet med planstrategi er å klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Føresegna om kommunalplanstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova § 10–1 der det heiter:

” Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal vidareføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.”

Som det kjem fram av pbl. § 10–1 skal den kommunale planstrategien vere eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å imøtekomme kommunen sitt behov. Planstrategi skal difor bidra til ein forenkling av planverket. Vi treng ikkje å ha planar for alt, men vi må ha det på dei områda der vi skal sette inn ekstra ressursar og arbeidskraft.

Planstrategien som blir lagt fram for handsaming har ein innleiande del med informasjon om krav til strategien og det kommunale plansystemet. Hovudutfordringar for kommunen blir trekt fram i planstrategien og det blir vist til folkehelseoversikt frå 2023 som ein del av kunnskapsgrunnlaget. Folkehelseoversikt for Vågå kommune følgjer difor saka som eit vedlegg. Planstrategien blir avslutta med ei fullstendig oversikt over gjeldande planar og nye planar som skal utarbeidast i planperioden. Oversikta er delt inn etter tema og årstal slik at det kjem fram kva for år planen skal reviderast eller utarbeidast kvart år.

Kommunedirektøren foreslår å gjennomføre ei revidering av kommuneplanens samfunnsdel i løpet av 2025-2026. Vågå kommune sin samfunnsdel vart vedteke i 2017. Det var eit omfattande revisjonsarbeid som gjekk over fleire år. Resultatet er ein samfunnsdel som har vore mykje nytta og ein samfunnsdel som er like aktuell i dag som da den vart vedteke i 2017. For å halde det overordna planverket oppdatert er det likevel viktig å revidere kommuneplanens samfunnsdel jamleg, men ettersom samfunnsdelen er like aktuell i dag som da den vart vedteke er det ønskje om at hovudfokusområde frå gjeldande plan skal vidareførast. Hovudfokusområde er:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik

Sidan samfunnsdelen vart vedteke i 2017 har det blitt auka fokus på natur og naturtap. Da kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 vart vedteke i februar i år vart det vedteke seks satsingsområde. Natur- og kulturmiljø og naturmangfald er det 6. satsingsområde og kommunedirektøren meiner det er naturleg at dette punktet blir med som eit hovudfokusområde i kommuneplanens samfunnsdel ved revidering. I samband med revisjon av klima, energi og miljøplan vart det lagt opp til brei medverknad eksternt og internt i kommunen. Planprosessen var ryddig og godt gjennomarbeidd og punkt som går på natur- og kulturmiljø og naturmangfald var eit politisk innspel som vart innarbeidd. Dette er eit viktig tema framover og kommunedirektøren meiner det er viktig å innarbeide dette temaet i kommuneplanens samfunnsdel som er den overordna planen for kommunen. Ettersom det vart arbeidd så grundig med kommunedelplan for klima, energi og miljø, som vart vedteke i år, ligg grunnlaget frå dette arbeidet klart og det er ikkje behov for å gjere eit omfattande arbeid for å innarbeide dette punktet i samfunnsdelen. Det blir meir ei formalisering frå gjeldande klima, energi og miljøplan. Vågå kommune varslar difor oppstart av ei mindre revidering av samfunnsdelen med eit stutt planprogram, samstundes som planstrategien blir høyrd. Målet er å få innarbeidd tema frå nyleg vedteke kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 inn i samfunnsdelen og vidareføre tema frå gjeldande samfunnsdel.

Hovudfokusområde i samfunnsdelen blir da:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik
- Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

Vurdering:

Hensikta med planstrategien er å prioritere planoppgåver og sikre politisk styring med planlegginga slik at den blir tilpassa kommunen sitt behovet. Planarbeid må ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. I planstrategien blir det teke stilling til revidering av kommunen sitt overordna planverk, kommuneplanens samfunnsdel og arealdel og ulike tema- og sektorvise planar. Kommunen er også midt i prosessen med å utarbeide områdereguleringsplan for Vågåmo for heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred. Dette arbeidet er så omfattande at det må trekkast fram i planstrategien.

Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel vart vedteke i 2017 og byrjar å bli nokre år og det er slik sett på tide med ei revidering. Kommuneplanens samfunnsdel er like aktuell i dag som da en vart vedteke i 2017 og det er difor unødvendig å bruke mykje ressursar på dette revisjonsarbeidet. Det er også lagt ned eit betydeleg arbeid ved revisjon av kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024-2031 som er direkte overførbart til samfunnsdelen. Kommunedirektøren meiner difor at det kan leggjast opp til ei stutt revidering av samfunnsdelen der hovudtrekk frå samfunnsdelen blir vidareført og tema frå nyleg vedteke klima, energi og miljøplan blir innarbeid i samfunnsdelen.

Kva situasjon og utvikling kommunen er i påverkar prioriteringar og ressursbruk. Kommunedirektøren meier at planarbeid bør baserast på realisme, altså planlegging ut frå kjend situasjon og framskrivingar, og med eit kritisk blick på kva planar kommunen faktisk treng. Planarbeid i seg sjølv er ressurskrevjande. Samtidig har vi både regionale og statlege regelverk og andre føringar som kommunen må arbeide etter. Kommunedirektøren meiner at planstrategien gir eit godt bilde av utfordringar og kva for planoppgåver som skal prioriterast dei neste fire åra. Det er forsøkt å gjere grep for å effektivisere planoppgåver der det er mogleg, mellom anna ved å varsle planoppstart med planprogram for ny samfunnsdel samstundes som planstrategi blir sendt på høyring.

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret vedtek å leggje kommunal planstrategi 2024-2028 med planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel til høyring i seks veker. Vedtaket blir gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 10-1.

Kommunestyret si behandling av sak 73/2024 i møte den 24.10.2024:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Kommunestyret vedtek å leggje kommunal planstrategi 2024-2028 med planprogram for revidering av kommuneplanens samfunnsdel til høyring i seks veker. Vedtaket blir gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 10-1.